**Referat Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde møte nr. 3/2023 – Fredag 9. juni kl 10:00 – ca. 14:45**

| Organisasjon | Navn og stilling | Funksjon | Møtt 9/6 |
|---|---|---|---|
| Helse Møre og Romsdal | Mona Ryste,<br>Rådgivar Klinikk Volda sjukehus | Representant og nestleiar LSU | X |
| Helse Møre og Romsdal | Palma Hånes<br>Klinikksjef Klinikk Volda sjukehus | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Janne Håskjold<br>Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab. | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Kari Standal<br>Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus | Representant | X |
| Helse Møre og Romsdal | Hallgrim Myklebust<br>Seksjonsleiar DPS | Representant | X |
| Hareid kommune | Ottar Røyset<br>Kommunalsjef | Representant og leiar LSU | X |
| Herøy kommune | Gro-Anette Frøystad Voldsund<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Sande kommune | Jørn Velle Moldskred<br>Helse- og omsorgssjef | Representant | X |
| Ulstein kommune | Kristin Vik *(+ Marit Botnen)*<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Vanylven kommune | Cecilie L. Oppedal<br>Kommuneoverlege | Representant | X |
| Volda kommune | Svein Berg-Rusten<br>Kommunalsjef | Representant | X |
| Ørsta kommune | Audhild Mork (frå 01.06.23) | Representant | |
| Fastlege/ Praksis-konsulentordninga | Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR) | Representant | X |
| Fastlege/ Praksis-konsulentordninga vara | Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR) | Vararepresentant | |
| Brukarrepresentant kommune | Eilin Reinaas<br>Norges Handikapforbund (NHF) | Representant | X |
| Brukarrepresentant HMR | Janne Remøy Endresen<br>SAFO/NFU | Representant | X |
| Brukarrepresentant kommune vara | *Ny vararepresentant under avklaring* | Vararepresentant | |
| Brukarrepresentant HMR vara | *Ny vararepresentant under avklaring* | Vararepresentant | |
| Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre | Oddvar Marøy<br>Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | Sekretariat | |
| Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR) | Sissel Ørstavik Aase<br>Rådgivar lærings- og meistringsenteret, HMR | Sekretariat | |

**Andre tilstades :** Randi Bergem (sak 22), Olav Brattli , seksjonsleiar kirurgiske legar, Juha Hietanen, seksjonsleiar Ortopedi, Miriam Wiksnes seksjonsleiar medisinske legar

| **Utvalg** | **Lokalt samarbeidsutval Volda (LSU Volda)** |
|---|---|
| **Møtenummer** | Møte nr. 3/2023 |
| **Dato og stad** | Fredag 9. juni 2023, Volda sjukehus (Kløvertun) kl. 10 – ca. 1445 |
| **Møteleiar** | Ottar Røyset |
| **Referent** | Oddvar Marøy/ Sissel Ørstavik Aase |

**Saksliste:**

| Saksnr. | Emne | Saksbehandlar / ansvarlig |
|---|---|---|
| 19/23 | **- Velkomen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde.**<br>- Kort presentasjonsrunde<br>Velkomen til nye representanter i LSU-Volda<br>- Jørn Velle Moldskred: Sande<br>- Janne Håskjold: Klinikk kreft og rehab.<br>- Gro Anett Frøystad Voldsund: Herøy<br><br>- Innkallinga/sakslista vart godkjent utan merknad. Det var ingen saker til eventuelt. | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 20/23 | **Godkjenning av referat frå møte nr. 2/2023 i LSU Volda sjukehusområde (Fellesmøte Ålesund 17/2 - 23).**<br>Referat godkjent utan merknad.<br>Referata kan lesast på nettsidene til Helsefellesskap/LSU Volda | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 21/23 | **Gjensidig orientering frå kommunar og helseføretak**<br>Presentasjon om kva som rører seg i kommunane og i sjukehuset.<br>Volda sjukehus - Sjå PP-presentasjon som er vedlagt.<br>MR tilbygg frå hausten vil medføre behov for omrokkeringar i drifta, men kapasiteten vil i hovedsak verte oppretthalde.<br><br>Kommunane – sjå PP-presentasjon.<br>Alderspsykiatrien, Ålesund kommune går i bresjen for å betre tilboda.<br>Råbra-kort tildelt Mona Ryste for sitt engasjement for arbeid med forbetringsarbeid. | Ved leiar i Sjustjerna helse og omsorg Marit Botnen og klinikksjef Volda sjukehus Palma Hånes |
| 22/23 | **Rekruttering og felles kompetansebygging: Utdanningsinstitusjonane**<br>Kort orientering om status desentralisert verne- og spl.utdanning<br>Utrykt frå kommunar/sjukehuset at ein treng fleire spl/vern. på Søre-Sunnmøre. HVO har iverksett ulike møte og sondering av moglegheiter. Det er snakk om bachelorutdanningar der HVO sjølv akkrediterer utdanninga. Saka må opp i styret i to ulike omgangar, først godkjenning for vidare arbeid (haust 2023). Deretter må planar for utdanninga godkjennast i styret.<br><br>Ulike innspel i møte om at målgrupper bør vere personar som tek utdanning etter anna erfaring/utdanning (kombinerte løysingar/lengre utdanningsløp), men ikkje utelukke målgruppa personar rett frå vidaregåande skule.<br>Vernepleieutdanning vil vere enklare å kome i gong med enn sjukepleieutdanning, då HVO allereie har fleire av fagressursane frå andre sos.utdanningar som liknar mest på vernepleieutdanninga.<br>Praksisplassar: Tenke nytt, gjerne forsøksordningar for praksisplassar i samarbeid med kommunar/helseføretak? Behov for tilrettelegging for kompetanse for rettleiarar i praksis. | Randi Bergem ved Høgskulen i Volda |
| 23/23 | **Rekruttering og felles kompetansebygging** | Oddvar Marøy |

| | | |
|---|---|---|
| | Gjennomgang av utkast til revidere samarbeidsavtale for felles fagdagar mellom HVO, kommunar og HF vedrørande geriatri, BUP og psykiatri. (Sjå vedlegg utkast samarbeidsavtale, endringar i gult).<br><br>Oppfordrar til at ein bør søke prosjektmidlar for alle desse fagdagane samla.<br><br>**Vedtak:** *LSU Volda tilrår godkjenning av ny samarbeidsavtale slik denne ligg føre.*<br><br>**Kompetanseplan**<br>Kompetanseplanen vert revidert og oppdatert og skal ligge tilgjengeleg for samarbeidspartane. Planen er å finne på nettsida til LSU Volda + vedlegg referat. Det er moglegheit for å kome med forløpande innspel/komande kursdatoar som sendast til sekretariatet.<br><br>**Diskusjon rundt moglege hospiteringsløysingar** vert å ta opp på komande LSU-møte 15/9 | Ottar Røyset/ Sekretariat |
| 24/23 | **Forbetringsarbeid**<br>Samhandlingsstatistikk, utskrivingsklare pasientar, epikriser<br><br>Gjennomgang av gjeldande **strategi for LSU Volda**:<br>• Vellukka kultur for samhandling<br>• Rekruttering og felles kompetansebygging<br>• Tydeleggjering av utfordringsbilete og skape forbetring<br>• Vere proaktiv i Helsefellesskapet<br><br>Gjennomgang av PP-presentasjon (vedlagt)<br><br>Avvikssystemet er ikkje optimalt og det er kjent at det er ei underrapportering. Ofte blir avvik i staden ordna direkte gjennom dialog. Manglande avviksmeldingar kan hindre at ein blir gitt muligheit til systematisk forbetring av praksis.<br><br>**Vedtak :**<br>*Felles strategidokument står seg og er representativ for det LSU-Volda ynskjer ha som strategi og satsingsområde.* | Nestleiar LSU Mona Ryste og Oddvar Marøy |
| | **Lunsj inkl. faglege innlegg**<br>Presentasjon frå Ortopedi i Klinikk Volda v/ seksjonsleiar Juha Hietanen (presentasjon vedlagt). *Orientering om avdelinga. Samanheng mellom sjukehuset sin suksess og kommunane si evne til å ta imot utskrivingsklare pasientar. Auken i operasjonskapasitet med kortare liggetid har ikkje medført større grad av reinnleggingar.*<br><br>Kir.i Klinikk Volda v/ seksjonsleiar Olav Brattli<br>*Aksept på behandling nyrestein i Volda. Rekruttering LIS1 fungerer godt*<br>*Utfordring at det har vorte større konkurranse om legar mellom sjukehus og kommune som medfører uheldig overbudspolitikk. Bør verte tema på felles legemøtetil hausten.* | |

| | | |
|---|---|---|
| | Medisin i Klinikk Volda v/ seksjonsleiar Miriam Wiksnes (presentasjon vedlagt)<br>*Sjukehuset har ein god og bevisst rekrutteringspolitikk som bl.a omhandlar gode muligheiter for kursing. Volda sjukehus lukkast på mange parameter ein vert målt på. Nødvendig for å bli prioritert, motiverande for andre klinikkar i Volda.* | |
| 25/23 | **Pasient- og pårørandeopplæring**<br>Presentasjon av Læring- og meistringssenteret og pasient- og pårørandeopplæring.<br><br>Sjå eigen PP-presentasjon.<br>Tilgjengelege kurstilbod er opplista på heimesida til HMR | Rådgivar v/ Lærings- og meistrings-senteret i HMR Sissel Ørstavik Aase |
| 26/23 | **Status Helsefellesskap**<br>- Orientering om NOU: Fellesskapet sitt sjukehus. Høring - NOU 2023: 8 Fellesskapets sykehus. Styring, finansiering, samhandling og ledelse - regjeringen.no<br><br>Sjå PP-presentasjon med nokre utvalde fokusområder. Digital heimeoppfølging- (DHO) vert trukke fram som eit godt døme på prosjekt. Usikkert om samhandlingsmidlar kjem som friske midlar?<br>Skal LSU-Volda sende samla uttale?<br><br>**Vedtak:**<br>*Sjustjerna ser på NOU'en og konfererer med LSU-Volda om tilslutning til felles uttale (endeleg frist er 30/6).* | Ved nestleiar LSU Mona Ryste<br><br>Oddvar Marøy |
| 27/23 | **Handlingsplan Fagleg samarbeidsutval for kunnskapsoverføring, forsking og utdanning, samt praksiskonsulentordninga.**<br>Orientering: Innspel på handligsplan er vidaresendt frå LSU Volda er sendt ut til medlemane og fagutvalet (for godkjenning i SSU 14/6).<br>Vedtak:<br>*Ingen ytterlegare merknader enn det som er sendt til utvalet tidlegare.* | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 28/23 | **Leiarverv og avklaring valperiode**<br>Avklaring rundt tidspunkt for bytte av leiarverv i LSU Volda jf. samarbeidsavtalen. Gjeldande samarbeidsavtale gjeld t.o.m. ut 2024.<br><br>*Vedtak: Kommunane ved leiar Ottar Røyset sit som leiar ut 2024.* | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 29/23 | **Eventuelt**<br>Neste LSU møte vert **fredag 15/9** i Vanylven kommune.<br>Melding av saker sendast sekretariatet. | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |